



MØTEBOK - PROTOKOLL

Utval/styre råd:	Møtedato:	Innkalling av:	Møtestad:
Kontrollutvalet	12. februar 2018	25. januar 2018	Midtgard

Til stades på møtet:


Av i alt 5 medlemmer var 4 til stades.

Reidun Øvre Øygaard, Egil Haug og Ola Helstad frå administrasjonen

Møtet vara frå kl. 13.00 – kl. 15.00


Underskrifter:

Vi stadfestar med underskrifta vår at det som er ført på sak 1 – 4/2018 er i samsvar med det som vart vedteke i møtet.


Magny Hilde


Harald Onsum Berg


Synnøve Aukrust


Jan Erik Husom

Utskrifter:

Protokoll frå utvalsmøtet sendt til:

- Medlemmane av kontrollutvalet.
- Varamedlemmane av kontrollutvalet.
- Ordføraren og administrasjonssjefen.
- Innlandet Revisjon IKS

MØTEBOK

Utval/styre/råd:	Møtedato:	Saksnr:
Kontrollutvalet	12. februar 2018	01/2018
	Saksbehandlar: Morten Sørhage	

KONTROLLUTVALETS ÅRSMELDING FOR 2017

Vedlegg:

- Framlegg til årsmelding 2017.
- Oppfylgingsskjema KU 2017

Saksframstilling:

I følgje kommunelova § 76 har kommunestyret det øvste tilsynsansvaret med den kommunale forvaltninga. Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval til å utøve tilsynet med den kommunale forvaltninga på sine vegne.

I samsvar med kommunelova § 77 nr. 6 skal kontrollutvalet rapportere resultatane av sitt arbeid til kommunestyret. Dette kan gjerast via kontinuerleg rapportering, årsmelding, eller ein kombinasjon av desse to måtane. Kontrollutvalet i Lom gjev gjennom si årsmelding ei samla orientering til kommunestyret om utvalet si verksemd gjennom året.

Forslag til innstilling:

Kommunestyret tek kontrollutvalets årsmelding for 2017 til orientering.

Handsaming:

Ingen kommentar til forslaget.

Innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret tek kontrollutvalets årsmelding for 2017 til orientering. Samrøystes.

MØTEBOK

Utval/styre/råd:	Møtedato:	Saksnr:
Kontrollutvalet	12. 02. 2018	2/2018
	Saksbehandlar:	Morten Sørhage

Vedlegg:

Kundebrev frå Innlandet Revisjon IKS
Status forvaltningsrevisjon

ORIENTERING FRÅ INNLANDET REVISJON IKS

Samarbeidet med Innlandet Revisjon IKS kom i stand 1.1.18. Kommunane er i gang med årsavslutning 2017. I samband med dette har Innlandet Revisjon IKS sendt over orienteringsbrev med saksgangen i revisjonstenesten.

Lom kontrollutval bestilte i 2018 forvaltningsrevisjonsprosjektet *gjeldsforvaltning og fondsforvaltning*. Innlandet Revisjon IKS har starta opp arbeidet og meiner å kunne bli ferdig sommaren 2018.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet kommenterte at forvaltningsrevisjon mangla. Kommunelova krev eit årleg prosjekt. Forventinga etter signal frå revisjonen var at den skulle vere ferdig seinhaustes 2017 eller vinter 2018. Leveringa er nå stipulert til sommar 2018.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

MØTEBOK

Utval/styre/råd:	Møtedato:	Saksnr:
Kontrollutvalet	12. februar 2018	3/2018
	Saksbehandlar:	Morten Sørhage

I sak nr. 29/2017 OPEN POST 12. desember 2017 vart dette protokollført:

Kontrollutvalet ynskjer fast kvartalsvis gjennomgang av avvik internkontroll.

Representant(ar) frå administrasjonen stiller med orientering om tilhøva.

Handsaming:

Orienteringa vart gjort i starten av møtet.

Administrasjonssjef Ola Helstad orienterte om økonomisk situasjon. Situasjonen framover er utfordrande. Inntektssida er gjeven. Kostnadssida er pressa, og Lom kommune kan risikere oppseiingar. Så langt blir det ikkje ansett i vakante stillingar.

Administrasjonssjefen vil ha gjennomgang med formannskapet for å kartlegge prioriteringar i prosessen.

Leiar for støttefunksjonen, Egil Haug, orienterte om at rekneskapshandsaminga for 2017 er i rute. Avslutningsprosessen er samhandling med revisjonen og dokumentasjon for arbeidet deira.

Kontrollutvalet tok opp eigarskapet i Lom Tamreinlag i eigarskapsmeldinga. På førespurnad orienterte Haug om at saka er lagt fram for formannskapet. Konklusjonen er at ein ber om at selskapet vurderer omdanning frå ansvarleg selskap til aksjeselskap.

Rådgjever Reidun Øvre Øygard orienterte om internkontrollsystemet i Lom kommune. Orienteringa omhandla generell forklaring av faglege begrep og system/ prosedyrar.

Lom kommune ynskjer ein positiv vinkla meldekultur med fokus på forbetring. Internkontrollen er eit leiarverktøy i denne prosessen.

På førespurnad orienterte Øygard spesielt om varsling. Lom kommune har nedsett ei varslingsgruppe. I utgangspunktet skal varsling gå tenesteveg, men ein kan melde direkte til denne gruppa.

Lom kommune har hatt tilsyn frå Fylkesmannen om søppelhandtering. Kontrollutvalet presiserte at tilsyn skal oversendast til dei.

MØTEBOK

Utval/styre/råd:	Møtedato:	Saksnr:
Kontrollutvalet	12. februar 2018	4/2018
	Saksbehandlar:	

OPEN POST

I planen framover, legg kontrollutvalet opp til møte i slutten av mars. Sentrale saker er KOSTRA-tal, kommunalt rekneskap 2017, samt prioriteringa i budsjettarbeidet.

Vidare plan er fellesmøte for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdalen, planlagt 18. april.

Førebels ser utvalet for seg møte i juni med gjennomgang av økonomi og bestilt forvaltningsrevisjonsprosjekt.